

REFERAT MØTE 3/19 – FYLKESVEGRÅDET

Møtedato:	14.03.2019	Tid:	08.30-12.15	Møtestad:	Fylkeshuset
Møteleiar:	John Martin Jacobsen				
Referent:	Bente Utne				
Deltakarar:	Frå Statens vegvesen (SVV): Grethe Vikane, Beate Mæsel, Kari Beate Onarheim Rong. Hilde Furset og Rolf Harketstad (sak 1). Olav Lofthus (sak 2). Christian Kongsgård (sak 3).				
	Frå Hordaland fylkeskommune (HFK):, John Martin Jacobsen, Torill Klinker, Bente Utne. Matti Torgersen (sak 6). Inge Edvardsen og Stig Kristoffersen de frå Skyss (sak 10). Eva Vinjevoll (sak 11)				
Fråvære:	Håkon Rasmussen, Nils Vetlesand, Rolf Rosenlund, Jon-Rune Smørðal, Håvard Mørch Hunskaar, Hans-C. Engum				
Kopi til:	Ingrid Holm Svendsen og Solveig Hollund				

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Sakliste og innkalling vart godkjent.

Godkjenning av referat frå møtet 14.02.19:

Referatet vart godkjent.

1. Hjellestadvegen – status, SVV ved Hilde Furset og Rolf Harketstad

Hilde Furset orienterte om framdrift: Det er mindre behov enn tidlegare antatt når det gjeld masseutskifting. SVV utfører sjekk av mengder og kvalitetssjekk på fylling. Møte med entreprenør i veke 12. Antar ferdig ut året, men kanskje noko står att (asfalt, grønt) til 2020. Styrer mot totalprognosen, 183 mill kr.

Rolf Harketstad orienterte om usemje med entreprenøren, det er beløp som er omtvista.

Konklusjon: SVV lagar eit notat til HFK som grunnlag for vidare handsaming internt. SVV orienter også om status i AKG.

2. Tilråding for bruk av overskotsmassar frå E16 til bruk på Fv 7, SVV ved Olav Lofthus

E16/K5-prosjektet: I slutten av av oppstartsfasen, snart over i skissefasen. Prosjektet er 85% tunell. Ferdig reguleringsplan sommaren 2020. Det er eit svært masseoverskot i prosjektet, tilsvarande 329 rådhus.

Det vil bli utlyst avhending av stein, og ein har arbeidd fram forslag til nytting av massar langs Fv 7

frå Trengereid til Bjørkheim. K5-prosjektet kan frakta og levera steinen gratis innafør eit visst område. I tillegg må KS-prosjektet regulera sjødeponi, sjølv om dette er siste utveg.

Delstrekning 1 og 2 Trengereiddalen til Gullbont: 60 mill eks mva. for krabbefelt, gs.

Delstrekning 3 Gullbotn - Grasdal: 58 mill eks mva. Utfartsparkering, kollektivterminal.

Delstrekning 4 Øvre Grasdal: 25 mill (fylling)

Delstrekning 5 Grasdal-Hisdal: 76 mill (ikkje fylling her)

Delstrekning 6 Hisdal-Raunekleiv: 0,5 mill kr. Har eksisterande gs-tilbod i dag, kun rekkverk

Delstrekning 7 Raunekleiv-Ådland: 70 mill. 7E: 180 mill

Delstrekning 8 Ådland-Bjørkheim: Kun Samnanger

Totalt 280-400 mill kr eks.mva

HFK meiner krabbefelt og gang- og sykkelveg til Gullbotn, inklusive utfartsparkering på Gullbotn, er gode tiltak. I Trengereidalen vil det vera vanskeleg med avkjørsel pga stigninga er 7-8%.

K5-prosjektet kan sannsynlegvis regulera krabbefelt og gs-veg til Gullbotn. Vidare har prosjektet behov for krabbefeltet om det blir transport av massar langs vegen. HFK kan vurdera å starta prosess for spleiselag for parkering på Gullbotn.

Prosjektet ønskjer svar på Raunekleiv, her er mykje potensiale for deponi, men det er ein svært høg kostnad, og synest lite realistisk for HFK.

HFK vil vurdera å leggja fram ei politisk sak/melding om dette.

3. Oppfølging av tilråding gitt i Rapport Statens Havarikommisjon: Rapport (VEI RAP 2018/03) om tunnelulykke på Fv 7 Raunekleivtunnelen, SVV ved Christian Kongsgård

Christian Kongsgård er regional sykkelkoordinator i Region vest. Arbeidsgruppe i SVV har gått gjennom sykling i tunell i Hordaland - alle 123 tunellane:

- 44 over 500 m (herav 17 med forbod om sykling)
- 88 under 500 m (herav 13 med forbod om sykling)

Tall frå TØI viser at det er trygt å sykla i tunell, men det følest utrygt.

Både Raunekleivtunnelen og dei fleste andre tunellane på Fv 7 vart vurdert som svært dårleg tilpassa sykling. Men kvitkalking er eit godt og rimeleg tiltak.

Nasjonal sykkelrute, forslag om å overføra denne frå E16 til Fv 7.

Verktøykasse for betra forhold for sykling i tunell;

- kvitkalking, skilting, fjerne tunellmarkeringsskilt, lys, fylling med singel i grøfter, sykkelvarslingsknapp/elektronisk varsling (bør vurderast grundig).

Arbeidsgruppa foreslår konkrete tiltak for tunellar på Fv 7, Fv 570, Fv 550 og Fv 48/49.

Konklusjon: SVV og HFK må i fellesskap jobba opp mot reiseliv/sykkelturisme. Kontakt i SVV er Carl Erik Nielsen og Jostein Vandaskog. FVR ønskjer at SVV arbeider vidare med liste med prioritering av aktuelle tiltak for betre forhold for sykling i tunell.

4. Nye vegklassar og vegnummer - vegfagleg tilråding, SVV ved Jostein Vandaskog - utgår

5. Prioritering/bruk av 10 mill kr til oppgradering av Fv 7 Øystese - Granvin, SVV ved Carl Erik Nielsen – utgår

6. Forprosjekt for Fv 580 Grimesvingane, HFK ved Matti Torgersen

Fv 580 Arna-Midtun har dårleg standard stort sett heile strekninga, men særleg langs Grimevatnet.

E16-prosjekt har vurdert å bruka massar til å utbetra vegen langs Grimevatnet. Statens Vegvesen har konkludert med at dette ikkje bør gjerast, då fyllinga blir på 60-70 meter som truleg ikkje vil bli stabil, og kan forverra flaumsituasjonen i Nesttunvassdraget. Konklusjonen vart då at ein ikkje går vidare med dette.

Ringveg aust er ikkje inne i NTP. KDP er ikkje starta opp. Forprosjekt er utført. Sjølv med nye ringveg aust vil Fv 580 ha ein lokal funksjon, med behov for tilbod til mjuke trafikantar.

Forslag om nytt prosjekt i regi av HFK: Bruke avsette planmidlar (konsulentoppdrag) til eit forprosjekt for å avklara om prosjektet bør realiserast. Prosjektutløysande behov er TS og framkome, og betre forhold for mjuke trafikantar. Tunell synest som det mest realistiske alternativet. Konsulent må samanstillja ulike utredningar på strekninga. SVV bør bidra i utredningsarbeidet, men dei har svært begrensa eller ingen kapasitet i år. Hovudfokus kan vera frå «camping til camping», ei strekning på 1,5 km.

Deretter vil det vera opp til Miljøløftet å vurdere vidare planlegging.

7. Åsen - Helleskaret - vidare arbeid, HFK ved John Martin

John Martin orienterte om prosess med kommune om prosjektet, både finansiering og framdrift. Med Os kommune sin framdriftsplan har ikkje HFK/SVV kapasitet til å vera byggherre, men kommunen har opplyst dei kan påta seg det. SVV må vurdere om dei kapasitet på byggeleing.

Os kommune har bedt om status og avtalar på grunnverv frå E39-prosjektet.

Fylkesvegrådet ber om at SVV startar opp arbeid med nedklassifisering av aktuelle fylkesvegar i samband med dette prosjektet.

8. Orientering om årsrapport for fylkesvegane (vedlagt), SVV ved Kari Beate

Kari Beate orienterte. Fylkesvegrekneskapen inkluderer omstridde fakturaer på grunn av mva.komp. Punktutbetring og trygge skulevegar; blir ført i HFK i drift, i SVV investering.

Meirforbruk på drift: auka vintermengder, uver, ras, høgare straumprisar, høgare oljepris, kritisk forfall og feilretting elektro.

9. Forankre og orientere om behov og årsak til budsjettjusteringar 1. halvår (både adm. budsjettjusteringar og tertialrapportering), SVV ved Kari Beate

HFK og SVV tar eit arbeidsmøte om dette.

10. Status på ferjeanbod (ved Stig Kristoffersen, Skyss) og oppfølging av investeringar og skisseprosjekt for ferjekaiar i Tørvikbygd og Gjermundshamn, og oppstart skisseprosjekt i Hatvik, HFK ved Inge Edvardsen

Status ferjeanbod

Har moglegheit for eksisterande reserveferjer, i det første året med el-ferjer.

14 nye ferjer, 6 ombygde.

Skyss overtar anlegga når dei er godkjente, dette for å få Enovatilskot.

Nettoppgradering; Skyss har risikoen.

Gjennomføringsavtalar: skal godkjennast av SVV. Står att rutepakke 2 og 3.

Tilstandsrapport: ligg litt etter, frist 1.10.19. Har brukt konsulentar til dei fem første, og inngått avtale om dykking. Resten kan utførast av SVV, såframt kapasitet.

Oppgradering ferjekaiar

Tørvikbygd, Gjermundshamn, Hatvik, Våge, Ranavik, Skjersholmane, Utåker, Matre

Tørvikbygd: Gå vidare med planarbeid, og planforslag frå 2012 ikkje godkjent. Behov for arbeidsmøte mellom HFK og SVV her. Ny ferje frå 2020 med 129 PBE, altså større ferje og mindre frekvens enn dagens. Dette medfører behov for større oppstillingsplass.

Gjermundshamn: Dårleg tilrettelagt for mjuke trafikantar. HFK ønskjer oppstramming og merking, ikkje større tiltak, men ønskjeleg å få utført i år. Ta opp i dette i arbeidsmøte med SVV.

Hativik: HFK ønskjer utarbeida skisseprosjekt og oppgradering. Behov også her, HC-toalett, buss mv. Også eit mindre prosjekt på Hufthamar. Skyss nemner at Varaldsøy ferjekai er dårleg dimensjonert for store ferjer. Generelt kan det bli behov for meir pendlerparkering på nokre kaiar pga Autopass, der passasjerar går gratis og det blir dyrare for bil med førar, utan passasjerar.

HFK/Inge sender notat til SVV, og tar deretter eit arbeidsmøte.

11. Ymse

Hegglandsdalsveien: Os kommune har løyvd ytterlegare 5 mill kr. ekstra til kombinert bru. Behov for midlertidig areal frå grunneigar som har bedt om jordbrukstilgang.

Søknader om tilskot til trygg skuleveg, hjertesone og punktutbetring ved Eva Vinjevoll

25. februar var det søknadsfrist for tilskotsordninga til trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring. Innan fristen kom det inn 52 søknader fordelt på 23 kommunar. Til saman vart det søkt om 113 millionar kr, og totalkostnaden på tiltaka er 129 millionar kr. Søknadssummane strakk seg frå 60 000 kr til 13 millionar kr. Flest søknader var knytt til utbetring av skuleveg. I hovudsak er det søkt midlar til gangfelt, belysning, breiddeutviding, fortau (G/S) og hjertesonetiltak.

Venterom Seljestad

Sak på neste møte.

Regionreformen

Grethe orienterte kort om status regionreformen.

Saker til neste møte 4.4.19:

- Tokagjelet
- Tømmertransport
- Austevollpakken
- Sambruksfelt
- Venterom Seljestad – kortsiktig tiltak